



Liv Hopland v.d. Kooij
Hoplandsvegen 141
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2627 - 15/19927

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
09.11.2015

Løyving av tilskot til statusvurdering av landbruksbygg Gbnr. 15/1 Hopland

Administrativt vedtak. Saknr: 395/2015

Saksutgreiing:

Vi syner til søknad motteke 28.09.2015 om tilskot til statusvurdering av bygg på Gbnr. 15/1 på Hopland

Liv Hopland van der Kooij søker om tilskot til statusvurdering av ein eldre driftsbygning. Driftsbygningen består av ein del som er fjøs, og ein del med siloar. Bygningen ble bygget på i 1967, det vart da bygd på fjøset og siloar. Den eldre delen av fjøset er eldre enn 1967. Påbygginga i 1967 vart gjort i betong. Den eldre delen av løa er bygd i mur og tre.

Søkjjar opplyser at ho har vore eigar av bruket sidan 1981. Bruket er i aktiv drift og driv med sauehald. Det er tidligare bygd om til eit lokale for kurs, møte m.m. i løedelen av bygningen.

Fylkesmannen i Hordaland saman med Hordaland Fylkeskommune har ei ordning der det gis økonomisk tilskot til statusvurdering av landbruksbygg som ikkje lenger er i bruk. Dette tilskotet skal brukast til fagleg rettleiing til eigarar av ledige landbruksbygg.

Vurdering:

Tilskotsordninga for statusvurdering av ledige landbruksbygg har som formål at ein vil stimulera til iverksetjing av idaer/planar med sikte om å skape ny næring i gamle landbruksbygg. Vidare er formålet med ordninga at ein ynskjer å sikre bygningsarv og kulturhistorie ved at ein tek naudsynleg omsyn under restaurering og ombygging.

I søknaden opplyser søker at ein ynskjer ei statusvurdering av bygget, for å kunne byggja eit kjøkken og toalett til det eksisterande lokalet. Søkar opplyser at planen er å byggje kjøkken og toalett i den eldste delen av lòa. Og at ved ei eventuell ombygging vil ein kunne nytta dette i vidare arbeid for å utvikla ny næring på garden.

Administrasjonen er positive til ein statusvurdering av bygget med tanke på framtidig bruk, og ser det som positivt at søker ynskjer å utvikle ny næring på garden vidare. Administrasjonen har vurdert det til at søknaden er i samsvar med formålet til ordninga og vil gå inn for å løyva tilskot til statusvurdering av bygget.

Kommunen kan løyve tilskot som dekker 75 % av eit dagsverk. Eit dagsverk blir i tilskotsordninga avgrensa til kr 7 500. Det vil sei at maks utbetaling er kr 5 625. Det er satt som eit krav i ordninga at konsultasjonen vert utført av autorisert personell til dømes arkitekt/ byggmeister/ bygningsrådgjevar/ konsulent. Ved løyving av tilskot fattar kommunen vedtak om løyving. Rekneskap med rapport frå gjennomført prosjekt, sendast til kommunen for godkjenning. Etter godkjenning vil kommunen sende oppmoding til Fylkesmannen i Hordaland om utbetaling av tilskot.

Vedtak

«Meland kommune viser til Fylkesmannen i Hordaland si ordning med tilskot til statusvurdering av ledige landbruksbygg, og søknad frå Liv Hopland v. d. Kooij, heimelshavar på Gbnr. 15/1, og løyver kr 5 625 i tilskot til statusvurdering av gamal fjøs med siloar.

Vedtaket vert grunnlagt med at tiltaket er i samsvar med føremålet til tilskotsordninga. Det er eit krav om at vurderinga vert gjort av autorisert personell. Tilskotet vert utbetalt mot dokumentasjon av kostnader og kopi av rapport.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnleggjast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om tilskot til statusvurdering av bygg

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

P.b 7310

5020

BERGEN

Mottakere:

Liv Hopland v.d. Kooij

Hoplundsvegen
141

5918

FREKHAUG